



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15639 - 20/74314

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
20.11.2020

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 83/1 Spjotøy

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 83/1
Tiltakshavar: Kirsten Emilie Nævdal
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Saka gjeld søknad om nytt dobbelt naust knytt til areal avsett til #10 på Spjotøy, i Kommuneplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011 -2023.

Søkjær opplyse at det er sendt inn separate søknader for kvart naust, men at grunngrjevningen gjeld for begge søknader. Det er vist til at den plasseringa som er vist til i kommuneplanen er uhensiktsmessig sida det ved lågvatn ikkje er sjø igjen i botn av vågen. Det er difor søkt om å trekke naustet 3 meter lengre ut i vågen enn det skravuren viser. Naustet blir også lengre og smalare enn skravurden syner. Dette er gjort med bakgrunn i for å hindre sprenging på sidene av vågen.

Tiltaket er nabovarsla og det ligg ikkje føre merknader til søknaden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som #10 og LNF. Situasjonsskartet syner avsett plassering for naust i kommuneplanen og ynskja plassering. Eigedommen er omfatta av «*Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023*».

VURDERING

Dispensasjon

I gjeldande kommuneplan kjem det fram at innanfor område #10 er det planlagt 1 naust i planperioden. Det var gjeve dispensasjon til oppføring av to naust i vedtak 082/19 datert 18.09.2019. I saksutgreiinga går det fram fylgjande;

«Kommunen har lest innspela og dei vurderingane som vart gjort i forbindelse med arbeid med KDP. Det går fram at tiltakshavar har levert innspel om flytting av 2 naust innanfor reguleringsplan for Neset hyttefelt (oppheva). Det går også fram av vurderingane til planavdelinga at dei støttar innspela og tek dei til følgje. Det går ikkje fram kvifor tal på naust frå forarbeida til vedteken plan er redusert frå 2 til 1 naust. Ein kan ikkje utelukke at dette har skjedd som følgje av ein feil. Størrelsen på avsett område i #10 støttar oppunder at det kan etablerast 2 naust då avsett areal er på ca. 100 m². Bygging av 2 naust vil difor kunne skje innanfor det området det er opna for bygging, og ikkje ta meir areal i strandsona

Det vart først søkt om endra naustplassering til eit område utanfor #10. Denne plasseringa vart ikkje tilrådd av fylkesmannen og søknaden om endra plassering vart trekt. I ny søknad er det ein føresetnad at nausta skal plasserast innanfor angitt området i godkjent kommunedelplan. Det går fram av utsnitt nedanfor at det er gjort vurderingar i forhold til strandsonevernet ved plassering av naustområde. Kommunen kan ikkje sjå at strandsonevernet vert ytterlegare råka om ein gir løyve til å bygge to naust istadenfor eitt. Ein ser også av ordlyden i forarbeid til kommunedelplan at det for område #10 er snakk om «nausta» i fleirtalsform og det er difor rimeleg å tru at vurderingane også då vart gjort med tanke på oppføring av 2 naust.»

Det ligg nå føre ein søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan og § 4.34 som omfattar at naust skal vera enkeltstående og takvinkel. Sjå vedlegg for meir grunngjevnad og meir informasjon om tiltaket.

Naturfare

Byggverket som i kraft av sin funksjon blir plassert i flaumutsatte områder skal konstruerast og oppførast slik at dei er i stand til å tåle belastninga under flaum. Søkjar opplyser at desse momenta er tatt omsyn i ved val av konstruksjon og høgdeplassering av innvendig golv.

Vidare er blir det opplyst at det blir ettersendt ein vurdering frå grunnentreprenør knytt til grunnforhala og den planlagte utfyllinga i sjø.

Tiltaket er plassert under marin grense.

Andre tilhøve

Eigedommen grensar til Lurefjorden og Lindåsosane marint verneområde av 23.06.2020.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsdokumentasjon, naust, Spjotøy

Vedlegg:

Vedlegg 2, A310 Snitt

D1 Situasjonsplan

E1 Plan

E2 Snitt

E3 Fasader, nv og sv

E4 Fasader, sø og nø

F1 Beskrivelse

Q1 Dispensasjons vedtak for to naust, sept. 2019

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kirsten Emilie Nævdal

Sindre Nævdal

Kvalen 16

Postboks 18 Ytre Arna

Sørbråtagata 12

5955

5889

3340

LINDÅS

BERGEN

ÅMOT

Mottakrar:

Fylkesmannen i Vestland

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

(nve)

Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2

Postboks 5091 Majorstua

Postboks 7900

6863

0301

5020

LEIKANGER

OSLO

BERGEN